

Pressemelding

26.2.2021

Vestlandsrådet satsar på næringslivet

Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet set næringsutvikling på dagsordenen og har starta arbeidet med ein ny næringsstrategi for heile Vestlandet.

– Heile verda står i ei brytningstid, ei tid som representerar både utfordringar og moglegheiter langs heile kysten av Vestlandet. Vi i fylkeskommunane ønskjer å ta ei aktiv rolle i arbeidet med å sjå korleis Vestlandet og Noreg kan kome styrka ut av tida vi står i, seier Per Vidar Kjølmoen, fylkesvaraordfører i Møre og Romsdal (A) og leiar for styringsgruppa for ny næringsstrategi.

Nærings- og samfunnsliv på Vestlandet og i Noreg står overfor stor omstilling. Globale trendar som det grøne skifte, urbanisering, sentralisering og ei aldrande befolkning vil påverke også vestlendingen i åra som kjem, påpeikar Kjølmoen.

– Vi ønskjer å sikre nasjonale rammevilkår for ny vekst og omstilling og legge premissar for nasjonal politikk. Til det treng vi ein felles strategi.

Tett involvering av næringslivet

Arbeidet med næringsstrategien starta denne veka og næringslivet sjølv vil vere delaktig. Styringsgruppa er sett saman av representantar frå heile Vestlandet og frå fleire bransjar, mellom andre dagleg leiar i GCE Ocean Technology ,Owe Hagesæther.

– Omstillingsevna i industrien på Vestlandet er stor, men vi saknar at regjeringa slår på stortromma i sine satsingar på fornybar energi og andre framveksande havnæringer. Regjeringa må iverksette ei tydelegare og større satsing, slik vi som nasjon gjorde då vi bygde olje- og gassnæringa. Vi må satse der norsk industri har sine fortrinn, og vi har mykje verdsleiane teknologi vi kan bygge vidare på, seier Hagesæther.

Éi felles stemme frå Vestlandet

Ei målsetting med næringsstrategien er å skape ei felles plattform for næringslivet på tvers av fylke og bransjar. Det er rådgivingsselskapet PwC som har oppgåva med å bistå Vestlandsrådet i arbeidet.

– Eg ønskjer at vi skal stå saman om nokre grep for å skape eit endå sterkare næringsliv på Vestlandet. Vi har både eksportretta næringar og eit reiseliv i internasjonal toppklasse. Det vert viktig å styrke verdiskapinga frå desse i åra som kjem, seier Kjølmoen.

Næringsstrategien skal vere klar i juni.

For ytterlegare informasjon:

Per Vidar Kjølmoen; tlf: 917 99 964, fylkesvaraordførar Møre og Romsdal og leiar i styringsgruppa for ny næringsstrategi for Vestlandet.